

---

Saksnr: 2020/47165-4  
Saksbehandlar: Lene Omdahl og Karen  
Louise Nybø

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2021

## Oppfølging av plaststrategi

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet tar status for oppfølging av plaststrategien til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om ein oppdatert status i andre halvår 2022 med eventuell rullering av strategi/tiltaksliste.
3. Det er satt av 1 mill. kr. til oppfølging av plaststrategien for 2021. Fylkesutvalet legg til grunn at dette beløpet blir fordelt slik:

Arbeid med å rydde opp maritim/marin forsøpling	650.000
Utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement"	100.000
Vidaregåande skular si deltaking i Plastaksjonen 2021	150.000
Kartlegging og få fram kunnskap, og forslag til indikatorar	100.000

### Samandrag

Det er gått eit år sidan plaststrategien vart vedteken. Avdelingane i fylkeskommunen har ulik tilnærming til bruk av plast, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært i kvar einskild avdeling. Kvar avdeling må vurdere korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett.

Det er sett av kr 1 mill. kr. til oppfølging av plaststrategien. I fjor vart heile beløpet nytta til plastrydding. Då hadde ikkje fylkeskommunen vedteke plaststrategien enno. Med plaststrategien på plass og ny finansiering til plastrydding frå Handelens miljøfond og også frå Miljødirektoratet, er det naturleg at det avsette beløpet blir disponert på ein noko annan måte i 2021 enn 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

[Plaststrategien](#) er utarbeidd etter oppdrag frå Fylkestinget i Hordaland juni 2018, som del av ein prosess der Vestlandsrådet også tok opp marin forsøpling i Nordsjøkommisjonen. Arbeidet vart organisert som eit prosjekt, og det er avdeling for innovasjon og næring som har hatt ansvar for å utarbeide strategien.

Målsetjinga er at Vestland fylkeskommune skal hindra at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. Fylkeskommunen skal og leggje til rette for innovasjon og utvikling innanfor næringslivsaktørar, forskning og andre aktørar som Skjærgårdstjenesten og friluftsråd.

Plaststrategien skal synleggjere og avklare regionalt prioriterte satsingsområde, verkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast i Vestland fylkeskommune. Strategien skal gje forankring og føringar til administrasjonen sitt daglege virke. Avdelingane i fylkeskommunen har ulik tilnærming til bruk av plast, og operasjonaliseringa av strategien ligg difor primært i kvar einskild avdeling. Kvar avdeling må vurdere korleis strategien best vert implementert i eigne arbeidsoppgåver og budsjett. Dette gjeld også å vurdere behovet for samordning på tvers og kanskje spesielt når det gjeld innkjøp.

Mange avdelingar opplever at dei allereie følgjer opp fleire av punkta som står i strategien under pkt 5 «Tiltak og handlingsplan». Overskriftene i handlingsplanen går nokre gonger på tvers av sektorar, andre viser til avdelingar eller til seksjonar i fylkeskommunen. *Avdeling for Strategisk utvikling og digitalisering - seksjon plan, klima og folkehelse (SUD-PKF)* skal koordinere oppfølginga.

### Saksgang

Hovudutval for næring, SAMO og KULI har hatt oppfølging av plaststrategien for sin sektor oppe i kvar sine utval i mai 2021. Denne saka baserer seg på sakene i hovudutvala og administrativ rapportering frå *Økonomi- og organisasjonsavdelinga (ORO)* og *Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (SUD)*. Dette er eit samlesak om status og forslag til oppfølging for alle tiltaka som er lista opp i plaststrategien.

Sakene til hovudutvala baserte seg på følgjande:

- Fylkesrådmannen legg til grunn at det ikkje vil kome opp nye tiltak i strategien før det blir tatt initiativ til rullering av strategien, og at plaststrategien framover blir inkludert i dei regionale planane der det er naturleg.
- Avdelingane må sjølve vurdere om de vil foreslå å endre, utsetje, vurdere ved seinare høve eller fjerne tiltak.
- Avdelingar som vil foreslå å gjere justeringar, treng å lage ei politisk sak, andre kan klare seg med ei referatsak.
- Fleire avdelingar (evt seksjonar) kan rapportere på same tiltak. Til dømes treng både *Mobilitet og kollektivtransport (MOK)* og *Eigedomsavdelinga (EIG)* å omtale tiltak 34. Både *MOK*, inkludert *Bybanen Utbygging (BU)* og *Avdeling for Infrastruktur og veg (INV)* å omtale tiltak om massekontroll.
- Dersom avdelingane sin gjennomgang av tiltaka viser at dei vil trenge pengar til gjennomføring i 2022, må dei sjølve ta ansvar for å ta dette inn i budsjettframlegg.
- Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet til oppfølging av plaststrategien. Disponeringa av desse midlane skal vedtakast av fylkesutvalet.

### Kort omtale av status

Tiltaka i plaststrategien har stort spenn. Dei handlar om planlegging, samarbeid med næringslivet og å påverke nasjonal og internasjonal politikk. Det er tiltak om innkjøp både til tannhelse og vegbygging, tiltak mot marin forsøpling, plast i kunstgrasbanar eller forureina massar og om avfallsplanar for fylkeskommunale eigedomar.

I vedlegg 1 har avdelingane rapportert om situasjonen for tiltak som er aktuelle for dei. Ei avdeling kan ha rapportert på tiltak under fleire overskrifter og fleire avdelingar rapporterer på same tiltak. Kvar tiltak er merka med Prioritert, Sett på vent eller i nokre svært få tilfelle; ikkje jobbe vidare med.

*Offentlege anskaffingar er sentrale for oppfølging av plaststrategien*

Innkjøpsseksjonen har innkjøpsfora og jobbar systematisk med miljøkrav i anskaffingar for heile fylkeskommunen. Avdelingar med store investeringar (Infrastruktur og veg, Eigedom, MOK/Bybanen Utbygging) har eigne folk på anskaffingar og det å ta opp utfordringar kring plast og sirkulær økonomisk tenking, er ein del av det å stille klima- og miljøkrav. Eit konkret døme på dette er byggsektoren som nyttar [BREEAM](#) (system for miljøsertifisering av bygg).

#### *Fylkeskommunal drift*

For eiga drift er avfallsplanar sentrale. Det er krav til kjeldesortering i alle fylkeskommunale bygg, og ein vil unngå bruk av eingongsplast og utdeling av plastleikar (i tannhelse). Plaststrategien skal framover bli inkludert i dei regionale planane der det er naturleg. Plastutfordringar skal også omtalast i uttalar i plansaker

#### *Geografisk Vestland*

For det geografiske området Vestland er det særleg plastrydding som er i fokus i blant tiltaka. For tiltak 41 «Legge til rette for andre aktørar sitt arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og rydding av marin forsøpling» blir det rapportert om det store prosjektet [Rydd Norge Vestland](#). Prosjektet er oppretta av Handelens miljøfond som fordeler tilskott frå midla samla inn gjennom avgift på lette plastbæreposar, mellom anna til ryddeprosjekt i fylka i Norge. Sjå vedlegg 2 for meir informasjon om dette og andre initiativ til plastrydding i Vestland som har fått støtte frå nasjonalt nivå.

Avdeling for innovasjon og næring har midlar øyremerka til å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast og sirkulærøkonomi. Arena-klynga [NOSCA Clean Oceans](#) og andre initiativ i næringslivet vårt gir optimisme for moglegheiter for utvikling av verdikjedar knytt til innsamling, gjenbruk, bioplast og resirkulering av plast i Vestland.

#### *Tiltak retta mot nasjonalt og internasjonalt nivå*

17 av tiltaka er retta mot nasjonalt og internasjonalt nivå. Av desse er det to som er rapportert på frå administrasjonen. Politisk nivå er sett opp som ansvarleg for å følge opp desse tiltaka.

#### **Måloppnåing**

Det kan vere vanskeleg å finne indikatorar for når vi når dei overordna måla i plaststrategien.

Nokre av måla er kvantitative og då kan vi prøve å få til rapportering på dette. Det gjeld:

- hovudmål 5 **Redusere plastbruken i eiga verksemd med minst 40% og mobilisere til redusert plastforbruk i samfunnet innan 2023.**
- delmål 10 **Auke mengda med resirkulert plast frå eige avfall til 100% innan 2023.**

Det er ønskje om å få ekstern bistand til å kome med overordna vurdering av plastbruken, det som kjem på avvege, det som kjem i avfallsstraumen frå fylkeskommunen og det som vert brukt og resirkulert. På slik bakgrunn kan vi utarbeide forslag til indikatorar for måloppnåing.

#### **Kostnader og finansiering**

Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet for 2021 til oppfølging av plaststrategien.

På s 124 står det under Innovasjon og næringsutvikling, løyvingsnivå Grøn vekst, klima og energi: ... "I 2021 vil vi nytte 2 mill. kr som er sett av til miljø til å skape verdikjeder knytt til resirkulering av plast. I tillegg vil 1 mill. kr verte brukt til oppfyljing av plaststrategien; mellom anna til plastreduksjon og rydding av plast i strandsona."

Hovudutval kultur, idrett og integrering rår til at fylkesutvalet i handsaminga av plaststrategien løyver midlar til Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane friluftsråd til deira arbeid med å rydde opp maritim forsøpling, og vidare til utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement".

I 2020 deltok 11 vidaregåande skular med fleire lag pr skule, i Plastutfordringa. Elevane registrerte aktivitetar for å redusere eigen bruk av plast i ein app, og lag og skular konkurrerte med kvarandre. I 2020 var Plastutfordringa samanfallande med TV-aksjonen. Det er ønskje om å kunne halde fram med dette tilbodet i regi av Framtiden i våre hender også i 2021.

Til toppleiargruppa vart det foreslått å kartlegge kvar det er mykje bruk av plast, og kvar plastavfallet oppstår i Vestland fylkeskommune si verksemd. Då kan vi lage forslag til indikatorar som kan nyttast for å rapportere måloppnåing, og å målrette innsatsen for å minimere bruk og redusere plast på avvege ytterlegare.

Frå dette følgjer slik ei deling av midlane:

Kva	Kven	Sum	Kommentarar
Arbeid med å rydde opp maritim/marin forsøpling	Bergen og Omland friluftsråd, Friluftsrådet Vest og Fjordane	650.000	Tiltak 25, 26, 39 og 41

	friluftsråd får løyving frå fylkeskommunen.		
Utvikling av ei sertifiseringsordning for "grøne idrettsarrangement"	<i>Avd for Kultur, idrett og inkludering (KII)</i> vil administrere dette.	100.000	Tiltak 43
Vidaregåande skular si deltaking i Plastaksjonen 2021	<i>SUD-PKF</i> administrerer i samråd med <i>Avdeling for Opplæring og kompetanse (OPK)</i>	150.000	Tiltak 3, 6, 22 og 23
Overordna kartlegging av kvar det er mykje bruk av plast, og kvar plastavfallet oppstår i Vestland fylkeskommune. Målet er å få fram kunnskap og forslag til indikatorar som kan nyttast for å rapportere måloppnåing, og målrette innsatsen vidare.	<i>SUD-PKF</i> bestiller.	100.000	Overordna for å kunne rapportere på måla.
SUM		1.000.000	

#### Vedtakskompetanse

Fylkesutval med heimel i reglement for Fylkesutvalet.

Vurderingar og verknader

#### Økonomi:

Det er sett av kr 1 mill. i budsjettet for 2021 til oppfølging av plaststrategien.

#### Klima:

Mykje plast er produsert frå fossile ressursar. Mindre etterspurnad etter plast kan føre til mindre bruk av fossil olje i framtida, og slik sett redusere klimagassutslepp. Når fylkeskommunen og andre aktørar i Vestland etterspør mindre plast i sine innkjøp, kan det også støtte innovasjon frå tilbodssida.

Plaststrategien er med på å hindre at plastavfall kjem på avvege. Dei fleste tiltaka vil bidra til å skape auka bevisstgjerung rundt natur, klima og miljø.

#### Folkehelse:

Plaststrategien sin visjon er at «Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav». Dette vil auke livskvaliteten lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Fleire av tiltaka har stort fokus på medverknad og samskaping med mange ulike aktørar. Dette skaper eit bredt engasjement og berekraft i gjennomføringa av tiltaka.

#### Utviklingsplan for Vestland:

Oppfølginga av plaststrategien støttar opp under FN sine berekraftsmål og mål og strategiar i utviklingsplan for Vestland. Alle dei tre strategiane under mål 2 «Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling» blir følgt opp gjennom tiltak i plaststrategien

2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp.

#### Konklusjon

Det er gått eit år sidan plaststrategien vart vedteken, og tiltaka som blir følgt opp er svært varierte. Det er sett av kr 1 mill. til oppfølging av plaststrategien; mellom anna til plastreduksjon og rydding av plast i strandsona. I fjor vart heile beløpet nytta til plastrydding. Då hadde ikkje fylkeskommunen vedteke plaststrategien enno. Med plaststrategien på plass og ny finansiering til plastrydding frå Handelens miljøfond og også frå Miljødirektoratet, finn ein det naturleg at den avsette kr 1 mill. blir disponert på ein noko annan måte i 2021 enn 2020.